

---

Saksnr: 2020/44280-34  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Oppfølging - Selskapskontroll av Skyttel AS

### Forslag til vedtak

- A1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tar informasjonen frå **Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant** om gjennomført forbetningsarbeid etter selskapskontroll i Skyttel AS til orientering.
- A2. Kontrollutvalet er nøgd med tilbakemeldinga, seier seg ferdig med saka og ønskjer lukke til vidare.
  
- B1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tar informasjonen frå **Skyttel AS** om gjennomført forbetningsarbeid etter selskapskontroll i selskapet til orientering.
- B2. Kontrollutvalet er nøgd med tilbakemeldinga, seier seg ferdig med saka og ønskjer lukke til vidare.

### Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si første oppfølging av vedtak gjort i fylkestinget 29.09.2020 av selskapskontroll av Skyttel AS, når det gjeld selskapet og eigar sitt ansvar for å iverksette forbetringstiltak.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorråddevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Status\_Handlingsplan\_Kontrollutvalget\_2021\_02\_16
- 2 20210308\_Vedlegg 1\_Ansvar, myndighet og fullmaktsmatrise
- 3 20210308\_Vedlegg 2\_Rutiner og instruksjer ved tjenestereiser-2
- 4 20210308\_Vedlegg 3\_Prosedyre for innkjøp
- 5 Tilbakemelding om oppfølging av selskapskontrollen av Skyttel AS
- 6 Eigarstrategi for Skyttel AS

### Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 92/20 i møte 29.09.2020:

*På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Skyttel AS ber fylkestinget Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant bidra til at eigarane syter for å:*

1. *Vurderer korleis ein kan legge til rette for å sikre tilfredsstillande kontinuitet med omsyn til eigarrepresentasjon i generalforsamling og eventuelle eigarmøte.*
2. *Etablerer ein felles eigarstrategi for Skyttel AS.*
3. *Etablerer ein rutine for jamlege eigarmøte.*
4. *Fylkestinget ber også om at eigarane lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01. 11.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

*«På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Skyttel AS ber fylkestinget eigarrepresentanten i Vestland fylkeskommune bidra til å be styret syta for at selskapet:*

1. *Utarbeider ein strategi for selskapet.*
2. *Held fram med forbetningsarbeidet knytt til systematisering og skriftleggjing av styrearbeidet*
3. *Utarbeider rutinar for å dokumentere godkjenning av bierverv.*
4. *Etablerer ei føremålstenleg eigarrapportering.*
5. *Sikrar etterleving av personopplysningsregelverket, inkludert:*
  - a) *Vurderer formalisering av vurderingane som ligg bak forståinga av at Skyttel i hovudsak er databehandlar av personopplysingar på vegner av andre.*
  - b) *Utarbeider og inngår databehandlaravtalar med alle selskapet sine databehandlarar.*
  - c) *Treff tiltak for at det blir inngått databehandlaravtale med alle oppdragsgjevarane Skyttel behandlar personopplysningar på vegner av.*
  - d) *Held protokollen over behandlingar av personopplysningar á jour og komplett.*
  - e) *Gjennomfører tilstrekkelege risikovurderingar for behandling av personopplysningar.*
  - f) *Treff tiltak for å sikre at overføring av personopplysningar frå EØS blir gjort i samsvar med krava i regelverket.*
6. *Etablerer tilstrekkeleg økonomisk internkontroll, mellom anna:*
  - a) *Sikrar at kvalitetssystemet blir implementert i organisasjonen.*
  - b) *Tydeleggjer og formaliserer kven som har kva ansvar og rolle på økonomiområdet, t.d. gjennom å etablere ein fullmaktsstruktur og å oppdatere relevante stillingsskildringar.*
  - c) *Utarbeider retningslinjer knytt til bestilling og gjennomføring av reiser for å sikre ein lik praksis for dei tilsette.*
7. *Sikrar at rutinar og praksis for innkjøp er tilstrekkeleg utfyllande og effektive, inkludert:*
  - a) *At innkjøpsrutinen femner om relevante innkjøpsfaglege prosessar.*
  - b) *Sikrar at innkjøp blir konkurranseeksponert i samsvar med føringar frå styret.*
  - c) *Sikrar at innkjøp blir tilstrekkeleg dokumenterte for å sikre etterprovbarheit*
  - d) *Vurderer tiltak for å tydeleggjere kva innkjøpsfagleg rolle den innkjøpsansvarlege skal ha.*
8. *Fylkestinget ber også om at styret syter for at selskapet lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01. 11.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune handsama handlingsplan i tråd med punkt 4 i vedtaket over i møte 25.11.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant om å koma med ny skriftleg tilbakemelding på status for eigar si oppfølging av selskapskontroll av Skyttel AS til møte i utvalet 10.05.2021.*

2. *Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 19.04.2021.*

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune handsama handlingsplan i tråd med punkt 8 i vedtaket over i møte 25.11.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber **Skyttel AS** om å koma med ny skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av selskapskontroll av **selskapet** til møte utvalet 10.05.2021.*
2. *Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon eller døme som viser det som er gjort på alle punkta, for å få på plass forbetringane.*
3. *Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 19.04.2021.*

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp fylkestinget sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

### Vurderingar og verknader

#### Tilbakemelding frå eigarrepresentant:

I tråd med vedtaket over har vi motteke notat med vedlegg frå fylkesrådmannen dagsett 14.04.2021 (vedlegg 5-6) som inneheld tilbakemelding for den delen som **Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant** skulle følge opp etter selskapskontroll av Skyttel AS.

Av notatet går det m.a. fram at Vestland fylkeskommune og Agder fylkeskommune har vedteke felles eigarstrategi for selskapet, medan Rogaland fylkeskommune skal handsame denne i mai 2021.

Tilrådingane etter selskapskontrollen er i hovudsak ivareteke gjennom den vedtekne eigarstrategien. Ut frå dette bør kontrollutvalet ta informasjonen til orientering og seie seg ferdig med saka.

#### Tilbakemelding frå styret i selskapet:

Sekretariatet har motteke tilbakemelding med status for oppfølging av selskapskontroll av Skyttel AS pr. 16.02.2021 (vedlegg 1-4), som gjeld vedtaket om kva **styret** i selskapet skulle syta for å gjera.

Av tilbakemeldinga frå Skyttel AS går fram at det meste av forbetningsarbeidet no er ferdig gjennomført. Ut frå dette bør kontrollutvalet ta informasjonen til orientering og seie seg ferdig med saka.

**Konklusjon**Tilbakemelding frå eigarrepresentanten:

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering. Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet seier seg nøgd med tilbakemeldinga, seier seg ferdig med saka og ønskjer lukke til vidare.

Tilbakemelding frå styret i selskapet:

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering. Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet seier seg nøgd med tilbakemeldinga, seier seg ferdig med saka og ønskjer lukke til vidare.